

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 02.07.20 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.30.

Møtet slutt kl. 17.45

Desse møtte:

Anne Ellingsen

Hallvard Bjørneset

Jon Helge Bjørndal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapet. Henriette Hafsaas møtte ikkje.

Dagleg leiar Petter Bjørndal førte møteboka.

Anne Ellingsen leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 33 til og med 37 -20.

Sakliste:

Sak 33-20. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, , Status Biogass og ISO 9001

Sak 34-20 Innstilling til Avtale om Totalentreprise/ Tildele oppdraget. Utsett off. § 23.3 ledd.

Vedtak (4 røysteføre)

1. Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS finn utifrå vurdering av tilboda, at tilbodet frå Aurstad Tunell AS er det tilbodet som gjev best økonomisk nytte samla sett. Tilbodet deira har lågaste pris. Tilbodet blir og vurdert til å vere best når det gjeld miljø og tilboden kvalitet. Oppdragsgjevar Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS vel difor å inngå avtale med Aurstad Tunell AS for gjennomføring av dette byggeoppdraget.
2. Tildelingsmeldinga vert sendt samtidig til deltakarane i konkurransen. Dersom det er spørsmål eller klager på vurderinga eller gjennomføring av anskaffelsen, så ta kontakt med oppdragsgjevar sin kontaktperson for anskaffinga, tore@dammerudkompeanse.no
3. Kontrakt vil bli inngått snarast etter utløp av karenstid. Karenstid er sett til 15.07.2020 kl. 12:00. Ein tek atterhald om at iverksetting av prosjektet vil avhenge av endeleg tilslutning til sluttsommen for avtalen, frå den enkelte eigarkommune.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke etter endring av punkt 3, der ordet «kunne» vart fjerna. Jonas Reitan frå Ose AS presenterte sak 34-20 og svarte på spørsmål.

Sak 35-20 Finansiering av omlastestasjon Melsgjerdet. Utsett off. § 23.3 ledd.

Vedtak (4 røysteføre)

1. Føresett vedtak i sak 34-20 i tråd med tilrådinga, vert omlastingsstasjon på Melsgjerdet å finansiere slik:
 - Ved tidligare godkjent låneopptak totalt kr 60,6 mill.
 - Ved nytt låneopptak som vert å innarbeide i budsjettet for 2021.
2. Signering av kontrakt med avtalepart vert å utsette, til kommunestyra har godkjent budsjett og låneopptak for VØR for 2021.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med endra tilråding frå administrasjonen.

Sak 36-20 Referatsaker

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Handsaminga:

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Melding frå Brønnøysundregistrene datert 17 juni 2020.

Brev av 25.06.20 frå FM i Møre og Romsdal vedkomande handsaming av Løyvesøknad.

Protokoll frå generalforsamlinga i Fefast den 25.06.2020.

Sak 37-20. Godkjenning av møtebok.


Vedtak (4 røysteføre)


Styret godkjenner protokoll frå møte 02.07.20 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Hovdebygda 02.07.20


Anne Ellingsen


Jon Helge Bjørndal


Petter Bjørndal
referent


Hallvard Bjørneset


Ove Myklebust